



Austevoll kommune  
Birkelandsvegen 2  
5392 Storebø

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN  
TLF: 56 58 11 30  
Faks: 56 58 11 99  
[post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Dato: 14.09.2022

## INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN

Gbnr. 102/8

Tiltakshavar: Anne Karin Nesse

Sender på vegne av tiltakshavar inn innspel til ny kommuneplan i Alver. Innspelet omhandler kort forklart å utvide bustadføremålet på gbnr. 102/8, og vil medføre fortetting av eit attraktivt buområde.



Figur 1: Kartutklipp som viser innspelsområde.

## Planfagelege tema:

Med bakgrunn i ønske om endring av arealstatus i overordna plan er det gjort ein forenkla vurdering av planfagelege tema i dette avsnittet. Sjå kulepunktta under for meir informasjon.

- **Overordna plan**


Dagens status i KPA er at den nordvestlege delen av omtalt eigedom er avsatt til bustad, medan Resterande del av eigdommen er avsatt til LNF (Figur 1). Bustaddelen av eigdommen er allereie planlagt utbygd, og det er sendt inn ein frådelingsøknad på arealet.



Figur 2: Kartutklipp som syner dagens arealføremål i KPA.

- **Gjeldande reguleringsplan**

Deler av eigdommen er regulert gjennom reguleringsplanen *Bjørnestø Småbåthamn* frå 2016. Denne planen legg hovudsakeleg opp til naust på småbåtanlegg (Figur 2). Endring av arealføremål på eigdommen vil ikkje medføre nemneverdige endringar i høve til denne detaljreguleringsplanen ettersom omreguleringa i berre gjeld arealet avsatt til LNF i sør.



Figur 3: Kartutklipp som syner gjeldande reguleringsplan.



- **Artsmangfald**

Det er ingen kjende truga artar i nærområdet. Det er vidare ingen utvalde naturtyper eller andre faktorar som tilseie at det er potensiale for å råke ved ukjend truga artsmangfald på eigendommen. Det er vidare heller ikkje registrert sårbart artsmangfald eller naturtypar i sjøområdet kring eigendommen.

- **Landbruk-, natur- og friluftsiinteresse**

Det er ikkje registrert natur- eller friluftsiinteresser på eigdommen, men deler av tomte er registrert nytta som innmarksbeite, og det må utgreiast i ein eventuell plan- eller byggesak.

- **Verneverdig natur**

Det er ikkje registrert verneområde i eller kring eigdommen, det ligg heller ikkje forslag til verneområde i nærleiken, og ei heller verneområdet som får negativ fjernverknad av ei eventuell utbygging på eigdommen.

- **Kulturminne**


Det er ingen registrerte kulturminne i nærleik til eigdommen, og det føreligg heller ingen informasjon som skal tilseie at dette er eit aktuelt område kor det kan dukke opp ukjende kulturminne.

- **Naturfare**

Det er ikkje registrert nokon form for faresoner eller aktsemdssone for naturfare på eigdommen, men den ligg under marin grense slik at fare for kvikkleire alltid må vurdert. Ei befarung vil kunne avkrefte dette.

### Konkret innspel:

Tiltakshavar ynskjer å vidareutvikle deler av gbnr. 102/8 til bustadføremål, og kjem difor med innspel om å endre arealføremål i overordna plan (KPA). Innspelet kan sjåast på figuren under. Der opprettheld ein eit grønt belte langs sjøen, og regulerer inn eit bustadområde med plass til 3 – 5 nye bueingar tettare mot Våbøvegen. Dersom kommunen meiner det er naudsynt kan det leggst inn eit krav om detaljregulering for området. Omgjering frå LNF til bustadføremål bidrar til ein vidareutvikling av eit allereie etablert bustadområde, og vil vere ein naturleg forlenging av bustadsføremåla frå gjeldande KPA.



Figur 4: Kartutklipp som syner ønska arealstatus i ny KPA.